



Holsnøy og Flatøy Bestandsplanområde v/Terje Hilland
Skarpnesvegen 120
5919 FREKHAUG

Referanser:

Dykkar:

Vår: 19/622 - 19/10892

Saksbehandlar:

Marius Flemmen Knudsen

marius.knudsen@meland.kommune.no

Dato:

20.05.2019

Godkjenning av søknad om endring av bestandsplanområde og bestandsplan for Flatøy og Holsnøy bestandsplanområde

Administrativt vedtak. Saknr: 117/2019

Saksutgreiing:

Holsnøy og Flatøy bestandsplanområde v/ Terje Hilland søker i brev dagsett 26.04.2019 om endring i godkjent bestandsplanområde og bestandsplan for hjort for 2018-2021. Både bestandsplanen og bestandsplanområdet vart godkjent av Meland kommunen i 2018 i administrativt vedtak saknr. 107/2018.

Bakgrunnen for søknad om endring av bestandsplanområde er at valdet Sagstad-Moldekleiv har meldt seg inn i bestandsplanområdet. Ved oppretting av bestandsplanområde i 2018 meldte alle vald unntatt dette seg inn i bestandsplanområde. Dei meldte seg skriftleg inn i bestandsplanområde 3. april i år. Bestandsplanområde omfattar difor heile Meland kommunekommune, som er vist på kartutsnittet til søknaden. Det er nærmare geografisk skildring om bestandsplanområdet i bestandsplanen. Planområdet har eit samla areal på 75 325 daa, med til saman 10 hjortevald innafor området. Det vert søkt om endring av bestandsplanen, med ei auke på 14 dyr frå 138 til 152 dyr. Det totale fellingsløyve for bestandsplanområdet vert då 570 dyr i planperioden. Av auken på 14 dyr, er 4 dyr til det nye valdet som har meldt seg inn. Dei resterande 10 dyra er en auka i avskytinga. Bakgrunnen for ønskje om auke i fellingsløyve skuldast vekst i bestanden.

Valdnamn:	Valdid:	Teljande areal:	Tal løyve pr. år:
Nordre Holsnøy	1256V0001	23182	38
Sagstad-Moldekleiv	1256V0003	2334	4
Midtre Holsnøy	1256V0004	11540	38
Mjåtveit-Langeland	1256V0007	5129	8
Fløksand-Ryland	1256V0008	5411	13
Dale	1256V0010	3203	8

Postadresse

postmottak@meland.kommune.no

Postboks 79, 5906 Frekhaug

Besøksadr: Havnevegen 41 A

5918 Frekhaug

Kontakt

www.meland.kommune.no

Telefon +47 56 17 10 00

Telefaks +47 56 17 10 01

Konto 1503 98 36413

Org.nr. 951 549 770

Kartinfo: www.nordhordlandskart.no

Sætremarka	1256V0011	1564	2
Flatøy/Håøyna	1256V0012	1504	4
Kårbø	1256V0013	2385	4
Austebygd hjortevald	1256V0014	19255	33
SUM:		75325	152

Vurdering:

Bestandsplanområdet:

Hjorteviltforskrifta §§ 12 og 13 sett krav til søknad om godkjenning av bestandsplanområde, og området kan ikkje godkjennast dersom desse krava ikkje vert oppfylt. Desse krava gjeldt også ved endringar av bestandsplanområde. Vidare skal søknad om endring av bestandsplanområde skje innan 1. mai.

Endring av bestandsplanområde inneber at valdet Sagstad-Moldekleiv på 2334 daa melder seg inn i valdet, og at bestandsplanområdet vert større og femner heile kommunen og alle vald. Det er elles ingen endringar i bestandsplanområde. Administrasjonen meiner at valdet framleis oppfyller dei krava som er stilt i hjorteviltforskrifta § 12. Vidare har søknaden blitt sendt innan 1. mai, og gir rette opplysningar om valdet som melder seg inn, jf. § 13. Søknaden er i tråd med hjorteviltforskrifta §§ 12 og 13.

Når bestandsplanområde ble godkjent vart det vurdert at planområdet har ei utforming og avgrensing som er hensiktsmessig, slik at ein oppnår ein fornuftig forvaltningsmessig struktur og storleik på området, jf. Hjorteviltforskrifta med rettleiar M-478 Miljødirektoratet. Endringa av bestandsplanområde vil ikkje gje større endringar av denne vurderinga. Bestandsplanområdet vil etter endring nå gjelde heile øya, og har best mogleg utgangspunkt for å dekke hjortens årsleveområde. Administrasjonen meiner at det arbeidet valda har gjort og at alle valda i kommunen er med, er positivt for forvaltninga av hjorten. Når alle valda deltek, gir det god bestandsretta forvaltning på tvers av valdgrenser. Det gjer også moglegheiter for eit fleksibelt system som kan lettare fange opp endringar i bestanden lokalt i det enkelte vald eller for heile kommunen.

Søknaden om endring av bestandsplanområde oppfyller dei krav stilt i hjorteviltforskrifta. Administrasjonen meiner at søknaden om endring gjer ein god moglegheit for å få ein god bestandsforvaltning av hjort i Meland kommune. Endringa vil ikkje gje dårlegare løysingar og er i tråd med dei krav stilt i hjorteviltforskriften. Administrasjonen vil difor godkjenne søknad om endring av bestandsplanområdet.

Bestandsplan:

Flatøy og Holsnøy fekk i administrativt vedtak saknr. 107/2018 også godkjent bestandsplan for bestandsplanområdet i perioden 2018-2018. Dei søker nå om endring av bestandsplanen i samband med endring av bestandsplanområdet og ein oppjustering av fellingskvoter for resterande periode. Hjorteviltforskrifta § 15 sett krav til søknad om godkjenning av bestandsplan, og planen kan ikkje godkjennast dersom desse krava ikkje vert oppfylt. Både planområdet sin storleik og planperioden er framleis innfor krava i forskrifta, det er kunn søkt om ei endring i tal fellingsløyve pr. år frå 138 til 152. 4 av desse dyra er som følgje av at bestandsplanområdet skal utvidast til også å omfatte Sagstad-Moldekleiv. Dei resterande ti dyra er ei auke i årleg felling. Kommunen har også motteke bestandsplanen innan fristen 1.

mai, jf. § 15. Det er ikkje noko endring i bestandsplanen sin målsetting eller endring av kjønns- og aldersmessing avskyting. Bestandsplanen har som mål; *å drive ei forutsigbar, langsiktig og stammeretta forvaltning som stabiliserer bestanden på eit forsvarlig nivå i høve til bestandens kvalitet, skader på skog og innmark.*

Ei justering av bestandsplanen følgjer naturleg av endringa i bestandsplanområdet. Når det gjeld auken i fellingskvota for resten av bestandsplanområdet, vert det vist til at det er teikn til at bestanden aukar i fellingsprosent, sett-hjort m.m. Det er også vist til at det er kome fleire meldingar på beiteskader på jord og skog. Dei viser til at bestandsplanen legg opp til at bestanden skal haldast stabil, og at auke difor ikkje er ønskjeleg. Administrasjonen er samd med bestandsplanområdet at det er klare teikn på at det er ein auke i bestanden. Både avskytingsstatistikken og sett-hjort data viser ein auke frå 2017 til 2018, men viktigare så kan sjå desse teikna over lengre tid. Kommunen er opptatt av at hjorten skal forvaltast på ein god måte slik at ein har ein god bestand av hjort, samstundes som ein unngår beiteskader i størst mogleg grad. Dette kjem også fram i dei kommunale målsettingane som ligg til grunn for den kommunale forvaltninga.

Samla for planperioden vil ein årleg auke på 14 dyr totalt gje 42 fleire løyver for perioden 2019-2021. 30 av desse er aukiing av fellingskvoter og 12 er som følgje av endring av bestandsplanområdet. Administrasjonen meiner det er viktig å tilpasse avskytinga til bestanden, samstundes ein prøver å unngå store svingingar i bestanden. Administrasjonen meiner difor at forslaget som er lagt fram er godt og basert på den informasjonen som er tilgjengeleg om hjortebestanden i kommunen. Det er godt samsvar mellom mål og tiltak, og måla føl opp kommunen sine intensjonar om forvaltning og bestandsutvikling.

Bilde 1: Fordeling av fellingskvote fordelt på kjønn og alder for heile planperioden

Kategori	Prosent	Tal dyr/år	Tal dyr i perioden
Kalv	30 %	43	172
1 ½ år hanndyr	16 %	24	96
Vaksne hodyr (1 ½ år og eldre)	39 %	55	220
Vaksne hanndyr (2 ½ år og eldre)	14 %	20	80

Bilde 2: Prioritering i uttak av dyr i planperioden

* Avskytingsopplegget tek 1 ½ år gamle hodyr inn i gruppa "Vaksne dyr" i tråd med Hjorteføreskrifta si inndeling. Målet er at omlag 50% av dyra i gruppa «vaksne hodyr»,vert felt som 1 ½ åringar.

* Kalv og ungdyr bør samla sett utgjere minst 65% av det samla jaktuttaket.

* Avskytingsopplegget har 1 ½ år gamle hanndyr (spissbuk) som eiga gruppe, sidan Gruppen er lett å skilje i jaktsituasjonen.

* Jaktfelte bør ha særleg fokus på at små, svake og synleg sjuke dyr skal takast ut.

* Store og fine bukkar bør sparast

* Valdet ønskjer å styre tildeling/uttaket av produksjonsdyr til område med høg tettleik/stort skadepress.

Etter § 15, andre ledd i hjorteviltforskrifta, skal planen skildre årleg avskyting i tal dyr, fordelt på kalv, vaksne hodyr, vaksne hannedyr og spissbukk. Etter hjorteviltforskrifta § 17, 3. ledd skal også årleg fordeling av fellingskvota gjelde for kvart vald. Men det vert opna for avvik i planlagt uttak mellom åra. Bestandsplanen viser dette på ein god og tydelig måte.

Tabell 2: Fordeling av fellingsløyve fordelt på kjønn, alder og vald pr. år.

Valdnavn	Tellande areal	Kalv	Kolle (frå 1 ½ år)	Bukk 1 ½ år	Bukk (frå 2 ½ år)	Da/dyr	Sum
Nordre Holsnøy	23182	11	15	6	6	610	38
Sagstad - Moldekleiv	2334	1	1	1	1	584	4
Midtre Holsnøy	11540	11	15	6	6	304	38
Mjåtveit - Langeland	5129	2	3	2	1	641	8
Fløksand - Ryland	5411	4	5	2	2	416	13
Dale	3203	2	2	1	3	400	8
Sætremarka	1564	1	1	0	0	782	2
Flatøy/Håøyna	1504	1	1	1	1	376	4
Kårbø	2385	1	1	1	1	596	4
Austbygd hjortevald	19255	10	13	5	5	583	33
SUM	75507	44	57	25	26	497	152

For å sikre ein stabil bestand utan store svingar opp eller ned er det viktig at fellinginga vert trappa opp eller ned gradvis. Det er difor avvik frå minstearealet for valda. Kommunen har høve til å fråvike minstearealet med 50 % etter grunngeving. Kommunen meiner at det er oppgang i bestanden og at fellingskvotane må følgje det. Samstundes er det lokale forhold som påverkar kor tett hjorten står i dei ulike delane av kommunen. Det er nokre områder som er meir attraktive enn andre, og som difor også har større tetthet og kan ha store skader som følgje av dette. Sjølv om fråviket fortrinnsvis skal gjelde eit år, vil kommunen gje det for heile planperioden slik det er høve til.

Bestandsplanen legg opp til overføring av fellingsløyve mellom åra i planperioden etter § 16, tredje ledd i hjorteviltforskrifta. I dette høve meiner kommunen det er føremålstenleg at valda kan flytte/overføre løyve mellom åra i planperioden med inntil 10 % av planlagt avskyting, fordelt på både kjønn, alder og tal dyr. Avvik ut over dette kan ikkje overførast mellom åra. Elles så gjer vi merksam på høvet til byte dyr og å inngå samjaksavtaler med andre vald i bestandsplanområdet, mellom anna ut frå skadeproblematikk på jord- og skogbruk. Dette vil fremje måloppnåing.

Konklusjon

Administrasjonen vil etter ein samla vurdering godkjenne søknad om endring av bestandsplanområde og bestandsplan som omsøkt. Bestandsplanområde vil nå omfatte alle valda i kommunen, og slik sikra at hjorten vert forvalta likt i heile årsleveområdet. Det vil også gje ein meir fleksibel forvaltning der ein kan tilpasse avskytinga til dei lokale tilhøva og der vert lettare å få lik forvaltning på tvers av valdgrensar. Endringa i godkjent bestandsplan for perioden 2018-2021 er ein tilpassing til endring av bestandsplanområdet og ein justering for å fange opp auka i hjortebestanden. Det er lagt opp til ein plan

med ein god fordeling på kjønn og alder for å prøve å halde bestanden stabil. Planen er også i tråd med dei kommunale målsettingane.

Vedtak

«Meland kommune godkjenner søknaden om endring av Holsnøy og Flatøy bestandsplanområde, området oppfyller framleis dei krava stilt i hjorteviltforskriften §§ 12 og 13. Bestandsplanområdet vert godkjent med yttergrenser som omsøkt og med eit nytt teljande areal på 75 325 daa. Geografisk avgrensing går fram av kart i søknaden.

Bakgrunn for vedtaket går fram av saksutgreiing og vurdering. Vedtaket har heimel i hjorteviltforskrifta § 14, jf. §§ 12 og 13.

Meland kommune godkjenner endring i Holsnøy og Flatøy bestandsplanområde sin bestandsplan for hjort i perioden 2018-2021 som omsøkt. Det vert ei auke i bestandsplanen med 14 dyr pr. år. Valda i planområdet får etter endring av bestandsplanen tildelt 152 fellingsløyve per år, totalt 456 fellingsløyver for resten av planperioden. Meland kommune godkjenner avvika frå minstearealet fastsatt i lokal forskrift med bruk av 50 % regelen. Årleg plan for avskyting for kvart vald, fordelt på kjønn og alder, vert sett til følgjande:

- 30 % Kalv
- 16 % Hanndyr 1 ½ år
- 39 % Vaksne hodyr 1 ½ år og eldre
- 14 % Vaksne hanndyr 2 ½ år og eldre

Valda får tildelt årleg tildelt fellingsløyve etter fordeling i plan, jf. tabell 2. Avskyting skal følgje årleg fordeling av dyr på kjønn og alder. Grensa for årleg avvik frå avskytingsplanen og overføring av dyr mellom åra i planperioden, er sett til 10 %. Dette gjeld både tal dyr og fordeling på kjønn og alder.

Valda i bestandsplanområdet står fritt til å byte fellingsløyve og samarbeide om jakta på tvers av valdgrenser etter § 19 i hjorteviltforskrifta.

Kvart vald skal årleg rapportere fellingsresultat, sett hjort og slakteveker til Meland kommune.

Bakgrunn for vedtaket går fram av saksutgreiing og vurdering. Vedtaket har heimel i hjorteviltforskrifta §§ 7, 16, 18 og 32, jf. § 15.»

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr 4 og gjeldande delegasjonsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal

grunngevast.

Med helsing

Anny Bastesen
sektorsjef teknisk

Marius Flemmen Knudsen
skog- og miljøkonsulent

Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakere:

Holsnøy og Flatøy Skarpenesvegen 5919
Bestandsplanområde v/Terje Hilland 120

FREKHAUG